



Tingvoll, 31.7.2024

Tingvoll kommune  
[postmottak@tingvoll.kommune.no](mailto:postmottak@tingvoll.kommune.no)

## 5000 DAGAR

Vi viser til sak 2008/552-25 og våre brev av 1.2.2010, 23.9.2016, 16.3.2017 og 10.1.2019.

Det har gått meir enn 5000 dagar sidan Naturvernforbundet i Tingvoll tok opp denne saka første gongen.

Vi registrerer at skiltet framleis står, og at ingen har lagt på bordet noko løyve til å ha skiltet hengande.

Sidan det verkar som ingen kan legge dokumentasjon på bordet for at det er gjeve løyve til dette skiltet, ber vi om at kommunen følgjer opp sine plikter etter friluftsløva.

Vi viser til friluftsløva §§ 21, 22 og 40, og ber Tingvoll kommune setje i verk tiltak for å fjerne/endre skiltet omtala i denne saka.



Det er ein god ting å tenkje seg om før ein skal ta vanskelege avgjerder. 5000 dagar burde vere rikeleg for å få orden på denne saka. Dei har de alt brukt opp, så no tykkjer vi det er rett og rimeleg at de får avgjort denne saka om ikkje i morgon, så veldig snart.

Med helsing

Øystein Folden  
leiar